



Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 15/8058-2

Forvaltningsrevisjon - Fagopplæring, rekruttering til yrkesfag og tilbodet til lærlingar - oppfølging av vedtak

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek notat frå fylkesrådmannen datert 13. januar 2016 til orientering
2. Kontrollutvalet vurderer oppfølginga av vedtaket i FT-sak 27/13 til å vere fullført.

Vedlegg:

- Notat frå fylkesrådmannen datert 13. januar 2016 – «Fagopplæring, rekruttering til yrkesfag og tilbodet til lærlingar»

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Forvaltningsrevisjonsprosjektet «Fagopplæring, rekruttering til yrkesfag og tilbodet til lærlingar» vart gjennomført i 2012 – 2013, og fylkestinget vedtok 15.10.2013 i FT-sak 27/13 dette:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon «Fagopplæring, rekruttering til yrkesfag og tilbodet til lærlingar» til etterretning.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre dei tiltak som er kravd for at tilrådingane nr. 1 – 8 i tillegg til nr. 10 og 11 i rapporten skal verte gjennomførde.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere til kontrollutvalet når arbeidet er fullført, eventuelt med plan for fullføring innan 1. oktober 2014.

Kontrollutvalet mottok notat frå fylkesrådmannen 25.9.2014 med oppfølging av tilrådingane om revisor presenterte i rapporten etter det gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjektet. I notatet gjorde fylkesrådmannen greie for status på oppfølginga. Kontrollsjefen vurderte oppfølginga i saka slik:

Fylkesrådmannen har gjort eit godt arbeid med å følgje opp tilrådingane i rapporten. Tiltak nr. 1, 2, 3, 5, 8a, 8c, 8d og 10 er oppfølgt, medan det står noko arbeid att i dei øvrige punkta. Punkt 6 og 7 er tidsett med planlagt ferdigstilling 01.01.2015. Dei øvrige punkta er ikkje tidsett. Kontrollsjefen føreslår at kontrollutvalet ber om ein ny rapport innan 19.01.15 med status for oppfølginga.

Kontrollutvalet handsama notatet frå fylkesrådmannen datert 25.9.2014 i KU-sak 46/14. Utvalet vedtok å be om ny rapport innan 19.01.2015.

Kontrollutvalet fekk ny rapport frå fylkesrådmannen 29. januar 2015, der punkta utanom pkt. 6 og 7 var oppfølgde. Kontrollutvalet vedtok 10. februar 2015 i KU-sak 3/15 å ta notatet frå fylkesrådmannen til orientering og i tillegg be fylkesrådmannen orientere utvalet når tilråding nr. 7 i vedtaket FT-sak 27/13 er ferdig oppfølgt.

2. Vurderingar

Kontrollutvalet v/sekretariatet mottok notat frå fylkesrådmannen 14. januar 2016 med status for oppfølging av tilråding nr. 7, som er slik:

Fylkeskommunen sikrar at informasjon om fagopplæring, lærlingordning mv på nettsidene til fylkeskommunen er slik strukturert at høvesvis elevar, lærarar/rådgjevarar og bedrifter raskt og enkelt finn fram til relevant informasjon

Fylkesrådmannen skriv i notatet at det vart lagt inn løysingar på den nye heimesida til fylkeskommunen, som vart lansert 14. juni 2015. Løysinga gjer at ein ved å trykke på «knappar» på framsida vil kome inn på undermenyar som gjer at ein raskt og enkelt vil finne fram til informasjonen om fagopplæring og lærlingordninga. Fylkesrådmannen skriv også i notatet at tilbakemeldingane i hovudsak har vore positive etter eit halvt års drift av den nye heimesida.

Kontrollsjefen vurderer oppfølginga av vedtaket i FT-sak 27/13 til å vere fullført.